HERØY kommune

Utvik

K VOLDNES AS
Leikong 9
6080 GURSKØY

Vår referanse	Dykkar referanse	Sakshandsamar	Dato
26/8044 26/17595		Eivind Flåskjer	12.10.2026

Saksnr.	Utvalg
277/26	Utval for samfunnsutvikling

Type tiltak/ bygning				
Utfylling i sjø				
Byggestad	**Gardsnr.**	**Bruksnr.**	**Festenr.**	**Seksjonsnr.**
Leikong	76	151		
Ansvarleg søkar	**Tiltakshavar**			
K Voldnes as	Arnkjell Brandal			

Løyve til tiltak

Delegert vedtak

A. Avdelingsleiar for utvikling gir dispensasjon frå:
   1. Plan og bygningslova sin §1-8
   2. Reguleringsplankravet i område SH6

Med sikte på etablering av utfylling i sjø tilhøyrande nausteigedomen 76/151

B. Søknaden om løyve til oppføring av utfylling i sjø vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 21-4.

C. Følgande dokument ligg til grunn for godkjenninga:
   1. Situasjonsplan, datert 24.04.2026.
   2. Planteikning, daterte 24.04.2026.
   3. Perspektivteikningar, daterte 01.09.2026.
   4. Erklæring om ansvarsrett 01.06.2026
   5. Erklæring om ansvarsrett 30.09.2026
   6. Gjennomføringsplan innsendt 01.10.2026
   7. Avstandserklæring 02.10.2026
   8. Uttale frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 28.09.2026
   9. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, 28.09.2026

D. Det vert sett følgande vilkår i saka:

1. Vilkåra Statsforvaltaren sette i sin uttale av 28.09.2026 må følgast opp.
2. Utbyggar må sjølv koste eventuelle omleggingar av kommunalt VA-anlegg dersom tiltaket kjem i konflikt med dette.
3. Gebyr for sakshandsaming og eventuelle tilknytingsavgift må betalast innan forfall.

E. Er ikkje arbeidet sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om arbeidet vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.

F. Før tiltaket kan takast i bruk, må søknad om ferdigattest eller eventuelt mellombels bruksløyve leverast inn og vere godkjent av kommunen, jf. pbl § 21-10. I lag med søknaden skal det vedleggast:

1. Revidert, datert og signert gjennomføringsplan.

Dette løyvet og dei kart og teikningar det viser til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen

Om søknaden og tiltaket
Det er søkt om løyve for oppføring av Utfylling i sjø. Søknaden er datert 16.06.2026 og innregistert 16.06.2026. Søknaden omfattar også søknad om dispensasjon frå pbl §1-8 og reguleringsplankravet i område SH6.

Saka var komplett for handsaming den 29.09.2026.

Gjeldande plangrunnlag, høgder og grad av utnytting
Eigedomen er ikkje omfatta av reguleringsplan, og er i kommuneplanen vist som område avsett til SH6 med plankrav

Tiltaket er såleis ikkje i samsvar med gjeldande plan.

Dispensasjon (pbl § 19-2)
Avdelingsleiar for utvikling har i dette vedtak gitt administrativ dispensasjon frå pbl §1-8 og reguleringsplankravet i område SH6 i høve fylling i sjø framfor nausteigedomen 76/151.

Det er søkt om dispensasjon frå pbl §1-8 og reguleringsplankravet i område SH6. Søknaden har følgande grunngjeving:

" Tiltaket omfattar ei avgrensa utfylling i sjø på om lag 120 m² i direkte tilknyting til eksisterande betongskråning og opparbeidd strandsone ved naust. Utfyllinga skal gi eit stabilt og funksjonelt areal framfor eksisterande naust. Tiltaket vert etablert med reine steinmassar. Grovare steinmassar vert nytta til oppbygging og stabilisering av fyllinga, med forkiling og eigna knuste massar i øvre del. Fyllinga vert avslutta med opparbeidd overflate/betongplate. Omfang, fyllingsfot og prinsipiell oppbygging går fram av vedlagde situasjonsplan og snitt. "

Pbl § 19-2 opnar for å gje dispensasjon dersom ikkje omsyna bak føresegna vi gjev dispensasjon frå vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gi dispensasjon skal også vere klart større enn ulempene.

Kommunen har vurdert søknaden om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og frå krav om reguleringsplan for område SH6.

Tiltaket omfattar utfylling av om lag 120 m² sjøareal i direkte tilknyting til eksisterande naust og eit allereie opparbeidd sjøfrontområde. Området er frå før prega av naust, betongkonstruksjonar og eksisterande utfyllingar. Tiltaket inneber ikkje etablering av ny bygning eller utbygging i urørt strandsone.

Kommunen vurderer at omsyna bak byggjeforbodet i strandsona ikkje vert vesentleg tilsidesette. Utfyllinga skjer i eit område som allereie er sterkt påverka av tidlegare inngrep, og tiltaket medfører ikkje vesentlege konsekvensar for landskap, friluftsliv, naturmiljø eller allmenta sin bruk av området.

Når det gjeld kravet om reguleringsplan, legg kommunen vekt på at tiltaket er av avgrensa omfang og ikkje medfører ei vesentleg endring av eksisterande arealbruk. Dei omsyna som ligg bak plankravet er etter kommunen si vurdering tilstrekkeleg ivaretekne gjennom byggesaka, dispensasjonsbehandlinga og innhenta uttalar frå sektormyndigheiter.

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket og funne at risikoen for forureining og vesentleg negativ påverknad på naturverdiar og fiskeriinteresser er låg. Tiltaket skal gjennomførast med reine massar og på ein skånsam måte.

Fordelane ved tiltaket er at det etablerer ei varig og stabil avslutning av eksisterande sjøfront og gir betre funksjonalitet og bruk av naustområdet. Ulempene er i hovudsak knytte til tap av eit avgrensa sjøareal. Etter ei samla vurdering finn kommunen at fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene.

Kommunen legg til grunn at tiltakshavar har eller skaffar seg dei nødvendige privatrettslege rettane for å gjennomføre tiltaket. Byggjeløyve og gitt dispensasjon tek berre stilling til tiltaket etter offentlegrettslege reglar i plan- og bygningslova, og inneber ikkje ei avgjerd av eigedomsforhold eller andre privatrettslege forhold. Eventuelle rettar knytte til grunn- og sjøareal må vere avklarte mellom dei aktuelle partane før tiltaket vert gjennomført.

Avdelingsleiar for utvikling meiner at vilkåra for dispensasjon er oppfylt jf. pbl § 19-2.

Nabovarsling (pbl § 21-3)
Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg føre ein merknad til søknaden frå Nykrem naustlag datert 09.06.2026. Dei skriv:

Nykrem Naustlag har det siste halve året vel jobba for registrering i Brønnøysund-registra i den hensikt å kunne materialisere felles planer for alle med interesse i naust og båtplasser i området. I styremøte i dag 8.6.2026 ringte vi opp Arnkjell Brandal (avtalt på forhånd) for å diskutere ev samarbeid om tilkomst til en ev framtidig brygge. Dette ble hverken helt avvist eller helt bekreftet. Dersom tiltaket i regi av Arnkjell Brandal blir realisert uten samordning med Nykrem Naustlag sine planer, vil det medføre at Nykrem Naustlag vil bruke nedkjøring mellom nausta til Arnkjell Brandal og Birger Djupvik som utgangspunkt for etablering av tilkomst til framtidig flytebrygge. Dette ble diskutert i denne samtalen med Arnkjell og styret viste til at dette kunne bli til sjenanse for Arnkjell med hensyn til relativt kort avstand mellom konstruksjoner (fylling, landfeste etc) i sjøen. Arnkjell meinte at det ikkje var et problem. Nykrem Naustlag vil likevel være positiv til et samarbeid for å oppnå ei best mulig løsning for alle.

Ansvarleg søkar sine kommentarar til merknaden:
- Naustlaget har hatt dialog med grunneiger og kommet frem til enigheit for tiltaket.

Ansvar og kontrollomfang (pbl § 23-1 og SAK10 kap. 9, 12 og 14)
Følgande føretak har erklært ansvarsrett i samband med denne saka, sjå gjennomføringsplan.

Gjennomføringsplan (SAK § 5-3)
Gjennomføringsplan, datert 30.09.2026, frå ansvarleg søkjar, er innlevert.

Utforming av tiltaket og visuelle kvalitetar (pbl §§ (28-7,) 29-1 til 29-3)
Tiltaket er vurdert til å ha ei tilfredsstillande estetisk utforming, både i seg sjølv og i høve omgjevnadane.

Sikkerheit mot naturpåkjenningar (pbl § 28-1)
Det er opplyst at bygningen skal ikkje plasserast i område med fare for flaum, skred eller der andre natur- og miljøtilhøve vil kunne utgjere fare for tiltaket.

Plassering av tiltak (pbl § 29-4)
Tiltaket sin plassering er vurdert som tilfredsstillande. Det ligg føre signert avstandserklæring frå naboeigedomen 76/49 – innsendt til saka 02.10.2026

Tilkomst og parkering (veglova §§ 40-43 og pbl §§ 27-4 og 28-7).
Tiltaket medfører ingen ny eller endra tilkomst.

Vassforsyning og avløp (pbl §§ 27-1 og 27-2)
Ingen endring som følgje av tiltaket

Avfallsplan (pbl § 21-10 og TEK17 §§ 9-6, 9-7 og 9-9)
Det vert ikkje krav om utarbeiding av avfallsplan / miljøsaneringsplan då tiltaket vil gje bruksareal (BRA) <300 m^2 / ikkje vert omfatta av § 9-6 i TEK17.

Uttale frå andre styresmakter (pbl § 21-5)
Uttale frå statsforvaltaren i Møre og Romsdal av 28.09.2026
Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 28.09.2026

Sakshandsamingsgebyr [1)]

Anlegg i strandsona + mangelfull søknad	kr	15 400,-
Dispensasjon, handsama administrativtx2	kr	5 550,-
Sum sakshandsamingsgebyr	kr	20 950,-

[1)] *Faktura vert ettersendt*

Klagerett
Vedtaket kan påklagast. Fristen for å klage er tre veker etter de har mottatt dette vedtaket.
Sjå meir informasjon om klagerett på kommunen sine heimesider.

Med helsing

Frank Robert Stenersen
Fagansvar byggesak

Eivind Flåskjer
Byggesakshandsamar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til
Frank Robert Stenersen

Vedlegg
ErklaeringOmAnsvarsrett (3)
Gjennomføringsplan (2)
20260930_152009
Høyringssvar - Møre og Romsdal fylkeskommune
Uttale - Statsforvaltaren
Rett til bruk av sjøareal
Søknad om løyve i eit trinn
2_SØK-DISP_Dispensasjonssoeknad_Dispensasjonssøknad - K.Voldnes AS.pdf
3_ANKO_SoknadOmAnsvarsrettTiltaksklasse1_Søknad om lokal ansvarsrett - TK1.pdf
4_KART_Situasjonsplan_Situasjonsplan 76-151.pdf
5_TEGN_TegningNyttSnitt_Oversiktsbilde 76-.151.pdf
6_KART_Situasjonsplan_Situasjonsplan 76-151.pdf
7_SØK-DISP_Dispensasjonssoeknad_Dispensasjonssøknad - K.Voldnes AS.pdf
8_ANKO_ErklaeringAnsvarsrett_ErklæringOmAnsvarsrett_Prosjektering_Annet_922250553_K VOLDNES AS.pdf

Vedlegg
9_KORR_KvitteringNabovarsel_KvitteringNabovarsel.pdf
10_KORR_KvitteringNabovarsel_KvitteringNabovarsel (5).pdf
11_KORR_Nabomerknader_SvarPåNabovarsel_76_77_0.pdf
12_KORR_Nabomerknader_Svar på nabovarsel Arnkjell Brandal juni 2026 (2).pdf
13_KORR_GjenpartNabovarsel_GjenpartNabovarsel.pdf

Mottakar

K VOLDNES AS	Leikong 9	6080	GURSKØY